



Magnar Inge Aarseth
Vilhelm Bjerknes' vei 62 A
5081 BERGEN

Detaljregulering Skorva- Engebø, supplerande høyring alternativ plassering gang-/sykkelveg

Oppsummering

Det er gjennomført møte med grunneigarar som blir berørt av planlagd gang-/ sykkelveg i Vevring. Det er vidare gjennomført ei fagleg vurdering av alternativ plassering av gang-/ sykkelveg sør for fylkesvegen.

Kommunen har førebels vurdering at gang-/ sykkelveg bør byggast på nordside av fylkesvegen, i tråd med planframlegg som har vore på høyring. Vidare vurderer vi at gang-/ sykkelvegen kan byggast på eit kortare strekk enn det som ligg i planframlegg som har vore på høyring. Det er aktuelt å avgrense planen slik at næringsområde NÆR- 3 etter kommuneplanen kjem utanfor planområdet.

Kommunen ber og om synspunkt på aktualitet for forlenga strekning med fart 50/ km/t, i kombinasjon med bruk av fortau i staden for gang-/ sykkelveg.

Kommunen vurderer at det vil vere grunnlag for slutthandsaming av plan utan ny høyring ut over dette brevet, også i det tilfellet at det blir gjort endringar på punkt som er nemnt over, bortsett frå å skifte side nord/ sør for gangveganlegg.

Sendinga går til mange, basert på matrikelinformasjon. Vi legg berre ved notat frå Asplan Viak, for å begrense papirmengde, om sendinga ikkje blir henta elektronisk. Andre dokument er å finne via heimeside:

https://innsyn.onacos.no/sunnfjord/postliste/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2020000647&

Nyaste og aktuelle dokument ligg stort sett nedst i opplistinga. De kan sjå etter teverrprofilar, og konsekvensvurdering for landskap, kultuminne mm. Spør servicetorg om det er vanskeleg å finne dokument.

Frist for merknad til forhold som blir teke opp i brevet settast til 05.08.2020.

Bakgrunn for dette brevet

Detaljregulering for vassforsyning Skorva- Engebø har vore på høyring 2 gonger, sist ved brev frå Sunnfjord kommune 13.03.2020.

Desse merknadene kom inn ved denne høyringa:

| Avsendar | Dato | Tema |
|---------------------------------------|------------|--|
| Veronica Standal- fleire grunneigarar | 09.05.2020 | Utsette avgjerd- påvente av avklaring driftskonsesjon og ekspropriasjonssak. Gang-/ sykkelveg over eigedommane- ikkje ynskt. Ynskjer veg på sørside ca. profil 1200- 1500, deretter sti austover, som i dag. Næringsområde ved Vevring-tunnelen - fleire problemstillingar. |
| Vevring grendelag | 10.05.2020 | Utheva: |

| | | |
|--|------------|---|
| | | <ul style="list-style-type: none"> • Tiltaket må plasserast på sørside av FV611, sjå kartskisse 1. • Gang/sykkelveg eller tilsvarande mellom avkøyring GAB 429/5 og kommunal veg ved 429/11, sjå kartskisse 2. Mange tema elles |
| Ole Erik og Ørjan Thingnes | 10.05.2020 | Uttheva som uttale frå Vevring grendelag. |
| Gerd Før Sund, v/ Anne Line Thingnes Før Sund og Geir Før Sund | 10.05.2020 | Eigedommen gbnr. 429/7 må ikkje bli berørt på oppside av fylkesvegen. Nærare detaljar. |
| Naturvernforbundet Indre Sunnfjord | 10.05.2020 | Sluttar seg til uttale frå Vevring grendelag. Vidare argumentasjon. |
| Fylkesmannen i Vestland | 07.05.2020 | Konklusjon Fylkesmannen ser dialogpunktet knytt til lokalitet 10 som framleis uavklart |

I høyringsbrevet vårt vart det og invitert til grunneigarmøte, og ope møte i Vevring. Møtet var avvikla 06.05.2020. Referat frå møtet er datert 07.05.2020.

Synspunkt i møtet førte til avtale om tilleggsutgreiing, sitat referat:

Nordic Mining gav aksept for at Asplan Viak gjer ei overordna vurdering av alternativ trase for vassleidning og løysing for gåande og syklende, presentert ved rapport. Kommunen legg til grunn at slik rapport vil ligge føre før vidare handsaming av saka.

Asplan Viak har levert sitt bidrag i saka ved notat revidert 11.06.2020.

Aktuelle endringar- kort oversikt

Avsnitt av reguleringsområde markert med raud strek på kart.

- Busette i område Hogane- sør for raud strek ser ikkje for seg at dei vil ha nytte av gang-sykkelveg på dette strekket. Dei vil nytte landbruksveg og sti med grøn markering i staden.
- Næringsområdet ved tunnelopninga synest ikkje å ha aktualitet for utnytting på kortare sikt.
- Fylkesmannen er lite villig til å akseptere inngrep i naturtypelokalitet 10.


Det er såleis høgst aktuelt å ta gang/ sykkelveg på strekk raud strek ut av planen, og avgrense planen slik at næringsområde NÆR-3 etter kommuneplan ikkje vert ein del av reguleringsplanen.

Avsnitt av reguleringsområde markert med blå strek på kart.

1. Gangveg nord eller sør for fylkesvegen.

Ved synfaringa i Vevring vart det argumentert for å legge gang/- sykkelveg på dette strekket nedanfor fylkesvegen.

Asplan Viak konkluderer i notatet med at gang/ sykkelvegen bør ligge ovanfor fylkesvegen, i tråd med planframlegget.



Delkonklusjonar:

Landbruk:

Inngrep i jordbruksareal kan tydelegvis vurderast noko ulikt. Brukar har påvist at trase på nordsida gjev driftsulemper, og fer med noko bra slåtteareal.

Økonomi

Asplan Viak har rekna tilleggskostnad for alternativ sør på aktuell strekning mellom profil 650 og 1500 til kr. 4.435.000,- eks. mva.

Vurderingar trafikktrygging- gåande/syklande

Det er ikkje vesentlege skilnader mellom dei to alternativa.

Verknad for naturmangfald

Alternativ nord gjev inngrep i austre del av naturtypelokalitet 10 (naturbeitemark A-verdi) Alternativ sør gjev inngrep i naturtypelokalitet 8 (naturbeitemark C-verdi) og gjer arealet langs elva (profil 1530 – 1860) trongare. Alt. sør gjev samla sett minst negative verknader.

Verknad for landskap

Alternativ nord vil gje **Ubetydeleg til liten positiv konsekvens.**

Alternativ sør vil gje **Liten negativ konsekvens.**

Verknad for kulturminne og kulturlandskap

Alternativ nord vil gje **Ubetydeleg til liten positiv konsekvens.**

Alternativ sør vil gje **Stor negativ konsekvens** pga. fleire alvorlege konfliktpunkt (steinalderbuplass, det freda miljøet kring Vevring kyrkje og kulturlandskapet).

Verknad for kunstinstallasjonen aust for skulen

Alternativ sør kjem i direkte konflikt med kunstinstallasjonen (profil omlag 680 – 685).

Nærføring (verknader for bygningar, avkøyrslar mm)

Det er ikkje vesentlege skilnader mellom dei to alternativa.

Nord eller sør- førebels vurdering frå Sunnfjord kommune

Vi vurderer så langt at plassering på nordside som beste løysing. Vi legg vekt på at det vil gje minst inngrep i landskapet, og at alternativ sør vil gje uheldige inngrep fleire stader. Det er verdt å unngå konflikt med kunstinstallasjon i strandsona, og automatisk verna steinalderbuplass.

Vi ser at det løysinga på nordsida er uheldig for landbruket.

Samla er det ikkje overvekt av grunnar for å velje den dyrare løysinga på nedsida.

Avslutning i aust- med førebels vurdering

Vi har bedt Asplan Viak gjere ei særskilt vurdering av situasjonen ved avslutning av gangveg i aust, alternativ nordside. Dei konkluderer med at det er greie siktforhold, og liten fare knytt til kryssing mot sti på sørsida.

Vi har og bedt om at dei ser på alternativ med litt tidlegare avslutning av gang-/ sykkelvegen, for å unngå konfliktpunkta med hus og hage som er peika på av eigar av bnr. 5 har peika på i tidlegare uttale.

Asplan Viak seier alternativ kan vere forsvarleg.

Førebels vurdering er at gang-/ sykkelvegen bør avsluttast mot avkøyrsla til bnr. 5, for å få dei definert naturleg kryssingspunkt mot sti på motsett side.

Alternativ 50 km/t, og fortau?

Eit alternativ med fortau i staden for gangveg har tidlegare vore på høyring. Det møtte motsegn, med bakgrunn i at fortau ikkje kan nyttast på strekk med fartsgrense 60 km/t.

Ved synfaring i Vevring var det stilt spørsmål ved om strekning med fartsgrense 50 km/t er å sjå som absolutt.

Det er no aktuelt å bygge kortare gangveg, og vi finn det naturleg å stille spørsmålet om det kan vere aktuelt å forlengje strekning med fartsgrense 50 km/t ca. 600 m mot aust, og bygge fortau i staden for gang-/ sykkelveg. Gevinsten vil vere eit lettare anlegg, mindre terrenginngrep, og mindre konflikt med jordbruksdrift.

Vi ber vegeigar, vegvesen, politi og bygdefolk vurdere om fortau og fartsgrense 50km/t er aktuelt alternativ på strekket.

Vidare prosess mot planvedtak

Sunnfjord kommune har vore tydeleg på at endring til gang-/ sykkelveg på sørside av fylkesvegen vi medføre ny høyring av planframlegget.

Andre moglege endringar som er nemnt i dette brevet vurderer vi å vere mindre vesentlege, eventuelt at det blir gitt reglar for meir avgrensa område enn det som ligg i dagens planframlegg. Slike endringar bør ikkje vere til hinder for slutthandsaming av plan.

Høyringspartar må gjerne foreslå justering av plankart og føresegner. Vi kan t.d. ta inn regel som sikrar at leidningsanlegg blir lagt innanfor vegeigar sin eigedom i område ved naturtypelokalitet 10.

Med helsing

Odd Harry Strømsli
einingsleiar

Harald Eikenes
Ingeniør

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

| | | | |
|-------------------|-----------------------|------|---------|
| Askvoll kommune | Postboks 174 | 6988 | ASKVOLL |
| Nordic Mining ASA | Munkedamsveien 45 | 0250 | OSLO |
| | oppgang A Vika Atrium | | |

Vedlegg:

Skorva - Engebø - notat rev.11.06.20 vurdering gs sør el.nord

Mottakarar:

| | | | |
|-------------------------|------------------|------|-----------|
| Alexis Thingnes | Fjordavegen 2263 | 6817 | NAUSTDAL |
| Anbjørg Johanne Aarseth | Fjordavegen 2245 | 6817 | NAUSTDAL |
| Kalstad | | | |
| Anders Voss Thingnes | Kytesvegen 427 | 5706 | VOSS |
| Arctic Minerals AS | Hammarijordet 18 | 9515 | ALTA |
| Arild Hagen | Fjordavegen 2168 | 6817 | NAUSTDAL |
| Arve Johannes Thingnes | Fjordavegen 2304 | 6817 | NAUSTDAL |
| Atle Jarl Wefring | Fjordavegen 2235 | 6817 | NAUSTDAL |
| Fjordbutikken AS | Vevring | 6817 | NAUSTDAL |
| Fylkesmannen i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Geir Førsund | Fjordavegen 2335 | 6817 | NAUSTDAL |

Mottakarar:

| | | | |
|-----------------------------------|--|------|-------------|
| Geir Kalstad | Fjordavegen 2245 | 6817 | NAUSTDAL |
| Gerd Anne Lise Thingnes | Fjordavegen 2327 | 6817 | NAUSTDAL |
| Jan Arvid Førland | Doktorveien 25 | 3274 | LARVIK |
| Jartal Egedom Ans | Postboks 55 Slettebakken | 5821 | BERGEN |
| Jofrid Laura Standal Hagen | Fjordavegen 2168 | 6817 | NAUSTDAL |
| Johanne Vefring | Fjordavegen 2237 | 6817 | NAUSTDAL |
| Josef Thingnes | Kärraby 33450 70 HamburgsundSverige | | |
| Jostein Standal | Fjordavegen 2164 | 6817 | NAUSTDAL |
| Kjell Selvik | Skytten 83 | 1348 | RYKKINN |
| Krasimira Thingnes | Fjordavegen 2276 | 6817 | NAUSTDAL |
| Lillian Førland | Øyravegen 39 | 6817 | NAUSTDAL |
| Mali Mathisen Nordvik | Vassbotnvegen 21 | 6817 | NAUSTDAL |
| Monica Kortner | Markavegen 1 | 6944 | STAVANG |
| NVE region vest | Naustdalsvegen 1b | 6800 | FØRDE |
| Oddne Birkeland | Naustedalen 1139 | 6817 | NAUSTDAL |
| Ola Dag Thingnes | Fjordavegen 2302 | 6817 | NAUSTDAL |
| Olav Annstein Thingnes | Fjordavegen 2176 | 6817 | NAUSTDAL |
| Ole Erik Thingnes | Vassbotnvegen 21 | 6817 | NAUSTDAL |
| Ove Helge Apalseth | Vevringskyrkjevegen 6 | 6817 | NAUSTDAL |
| Politiets Fellestjenester | Postboks 2092 Vika | 0125 | OSLO |
| Rune Jostein Førland | Postboks 55 Minde | 5821 | BERGEN |
| Statens vegvesen | Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | LILLEHAMMER |
| Stian Thingnes | Fjordavegen 2188 | 6817 | NAUSTDAL |
| Tor Inge Førland | Rosenbergsgaten 7 | 5015 | BERGEN |
| Torbjörg Marie Vaage Birkeland | Naustedalen 1139 | 6817 | NAUSTDAL |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Vevring Skule | Vevring | 6817 | NAUSTDAL |
| Vevringutstillinga | co Veronica Standal, Vevring | 6817 | NAUSTDAL |
| Vigdis Halldorsdottir | Fjordavegen 2172 | 6817 | NAUSTDAL |
| Ørjan Thingnes | Innlegda 3 A | 6812 | FØRDE |
| Åse Marie Helgheim Thingnes | Fjordavegen 2188 | 6817 | NAUSTDAL |